

Fitjar kommune  
Postboks 83  
5418 Fitjar

11. september 2023

fitjar@fitjar.kommune.no

## Sak. Innspel til Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Visar til Fitjar kommune sin høyring av Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA), med frist for innspel innan 12.09.2023.

### 1. Innleiing

Lerøy Vest AS (LV) og Sjøtroll Havbruk AS (SH), saman kalla Lerøy Sjøtroll (LS) disponera tre havbrukslokalitetar i sjø, i Fitjar kommune. Dette er lokalitetane Storevikholmen med maksimal tillaten biomasse (MTB) 2 340 tonn, Ålforo med MTB 2 700 tonn og Matløyso med MTB 2 780 tonn. I tillegg har vi Lerøy Sjøtroll Kjærrelva (LSK), som er eit av landets største setjefiskanlegg med RAS-teknologi, der vi årleg produsera om lag 12,5 million individ. LS har om lag 45 arbeidsplassar i Fitjar kommune, i tillegg genererer vi store ringverknader, da vi veldikeheld båtar og flåtar ved Fitjar mekaniske verksted AS og hos Ole Kvernenes Båtbyggeri AS.

Fitjar er viktig for LS og vi ønsker å kunne vidareutvikle produksjonsmetodar, som er tilpassa dei ulike lokalitetane som er satt av i kommuneplanen. Vi ser på ulike former for skjerming og nedsenkbare nøter og dette fører til auka behov til å tilpassa dei framtidige lokalitetane til behova/krava i framtida. Vi kan nemne at LS vil teste ut djup skjerming på Matløyso og semi-lukka på Ålforo. LS ser derfor svært positivt på at Fitjar kommune ønsker å rullere kommuneplanen sin.

### 2. Innspel Planprogram

Tilleggstekst under kapittel 5.8 Havbruk i Planprogrammet:

*Sjøareala er ein felles ressurs som i stadig større grad har blitt ein arena for ulike interesser. Havbruk er ei distriktsnæring som skaper mange arbeidsplassar og store ringverknader med grunnlag i aktivitet på/i sjø eller i nær tilknytning.*

*Det er store moglegheiter for vidareutvikling av havbruksnæringa i Fitjar. Samtidig er konkurransen om bruk av kyst- og havområda aukande. Det er blitt en økt bevisstheit omkring den gjensidige påverkinga mellom miljø og næringsverksemd, men også korleis ulike typa*

næringa påverkar kvarandre. Ei effektiv og berekraftig utnytting av areala er derfor viktig.

Som hovudregel bør arealplanen på sjø avdekke og sikre områder som innehar spesielle eigenskapar, spesielt viktige miljø og sårbare arter. For dei andre sjøareala bør det i størst mogleg grad planleggast med fleirbruksføremål der akvakultur kan være en del av føremålet når det er mogleg å finne ein god sameksistens mellom fiskeri, havbruk, turisme og anna aktiv bruk av sjøareala.

Målsetning for planarbeidet:

- Skape føreseielegheit for bruk og vern av sjøareala
- Hensynta nasjonale føringar knytt til ressursbasert næringsutvikling innan fiskeri og havbruk kor det heite at Norge skal være ein leiande havnasjon, og havbasert verdiskaping er viktig for sysselsettinga langs heile kysten.
- Gje næringsutøvarane på sjøen og andre sjøretta næringar moglegheit til auka verdiskaping i tråd med prinsippet om berekraftig utvikling
- Være dynamisk og fleksibel i forhold til framtidige behov og utvikling
- Styrke kommunen sin rolle og handlefriheit i utviklinga av akvakultur og andre sjøretta næringar
- At utvikling i kystsona også medfører fleire arbeidsplassar på land

Treng De ytterlegare informasjon, ver venleg ta kontakt med underteikna.

Med venleg helsing



Nils Arve Eidsheim  
Samfunnskontakt  
Sjøtroll Havbruk